

Til Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune

Dykkar ref: Jarle Kåre Oen

Straume, 22. mai 2018

Uttale: Eigarskapsmodellar i Nye Øygarden kommune

NITO vil sterkt rå til at eigedomsforvaltning og drift vert samla i eigen etat (KE). Detter har av erfaring synt seg å gje stort handlingsrom og høg kostnadseffektivitet. Ei samla eining er meir føreseibar og gjev betre kontinuitet i samband med levering av tenester.

Her er det særst viktig at ein står fram som ei heilskapleg verksemd, som skal informera og kommunisera til brukarar av offentlege tenester, medan ei organisering på «utsida» av kommunal etat, vil gje utfordringar med dette.

Organisering i td. KF, AS eller SA, vil gje mindre handlingsrom for politikarar og rådmann gjennom fastlåste budsjett med lange tenestevegar og lengre beslutningstid. Dette vil gå utover innbyggjarar og tenestene som skal ytast til dei andre etatane. Her er det særst viktig å merka seg at leveransar som kommunen skal yta til drift av kommunale tenester er lovpålagt og ofte krevje ressursar på kort varsel.

- **Innleiing**

Bakgrunnen for dette innspelet er basert på Fjell kommune sine røymsler knytt til forvaltning av noverande eigedomsporfølje og korleis ein handterar dette i ein vekstkommune.

Eigedomssjefen i Fjell kommune driftar og forvaltar 136.000 m² med eigd og innleidd bygningsmasse pluss tilhøyrande uteareal, offentlege plassar og torg, og nær 95 km med kommunal veg.

- **Status i dag**

Eigedomssjefen er i dag etablert i etat i Fjell kommune og har som hovudmål å forvalta, drifta, vedlikehalde og utvikla bygg og eigedomar til kommunen. Eigedomssjefen har i dag fire underordna seksjonar og stab som samhandlar internt med tverrfagleg arbeid, felles lokale og felles utstyr. Det fire seksjonane utgjer i tillegg til stab er Samferdsle, Drift- og vedlikehald-, Reinhold- og Grøn seksjon.

../2

Gjennom mange års drift av omsorg-, helse-, idrett-, skule-, barnehagebygg og basseng, har det erfaringsmessig synt seg at tryggleik, føreseielegheit og korte tenestevegar er avgjerande.

Som eit resultat av korte tenestevegar og høg fleksibilitet internt, har Eigedomssjefen i tillegg til ordinære drifts- og forvaltningsoppgåver, difor kunna handtera ein stor årleg auke i bygningsarealet. Arealet har frå 81.000 m² i 2007, til 136.000 m² i 2018. Dette arealet vil auka til 145.000 m² pr. 01.01.2019.

Dagens driftsform gjev gevinst i form av god organisatorisk og økonomisk styring, som igjen gjer at etaten effektivt og samla kan yta gode tenester til innbyggjarar og interne brukarar. Samhandling internt og eit godt delegasjonsreglement, gjer at ein har kort responstid, har god føreseielegheit og kan til dømes setja saman tverrfaglege innsatsgruppa på kort varsel.

I vegsektoren er det i dag Samferdsle- og trafikksikring som driv med drift- og vedlikehald samt nybygging/rehabilitering av kommunale vegar og kaier. I tillegg er avdelinga byggherre- og tiltakshavar av ulike vegprosjekt, både for kommune- og fylkesvegar.

Avdelinga har i dag, jamnleg og god tverrfagleg kontakt med dagens FjellVAR og andre aktuelle etatar vedrørende vegutbetring, noko som skapar heilskap, men og eit klårt økonomisk skilje.

Kommunen jobbar strategisk for å trygge skulevegane, og Samferdsle- og trafikksikring samarbeida tett med skulane for få heilskapelege og trygge løysingar for skuleungane. Denne korte linja mellom skule og samferdsle vil ikkje lenger vera til stades om Samferdsle- og trafikksikring vert ein del av ØyVAR.

Avdelinga har eige driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Ved ei eventuell samanslåing med VA, vil det kunne verte mistyding ved bruk av midlar. Nybygging, drift og vedlikehald av offentlege vegar kan ikkje gebyrfinansierast.

- Beredskap og tryggleik (ressursar)

Eigedomssjefen har i dag organisert internt vakthald gjennom kommunal vegvakt og vakttelefon for kommunale bygg. I tillegg har me vaktavtalar med nokre idrettslag på kveldstid i gym salar og idrettsbygg.

Når det gjelder akutte hendingar som til dømes brann, ulukker, uver, brot på infrastruktur og forsyningar til vitale tenesteytingar, vil det ofte skje med mannskap og utstyr som Eigedomssjefen disponerer. Ein heilskapeleg og sameint avdeling vil kunna handtera dette med kortare responstid, enn fleire oppstykkka einingar og selskap som ikkje er organisert under same leiing.

- Økonomi og handlingsrom.

Organisering i kommunal etat (KE) vil gje ei god økonomisk berekraftig drift, under full politisk styring og gje det handlingsrommet som ein vekstkommune som Nye Øygarden treng.

Organisering i td. KF, AS eller SA, vil gje mindre handlingsrom for politikare og rådmann gjennom fastlåste budsjett med lange tenestevegar og lengre beslutningstid. Dette vil gå utover innbyggjarar og tenestene som skal ytast til dei andre etatane. Her er det særskilt viktig å merka seg at leveransar som kommunen skal yta til drift av kommunale tenester er lovpålagt og ofte krevje ressursar på kort varsel.

Oppstykket kommunal drift og forvaltning gjennom oppdeling i for mange einingar (td. KF, AS, SA) på utsida av kommunen, vil føra utan tvil føre til mindre politisk styring, mindre råderett, og dyrare tenester og innkjøpsordningar til drifta. Dette må og samordnast politisk med offentleg sakshandsaming

- Oppsummering

Samla drift av eigedomsforvaltning i etat (KE), har av erfaring synt seg å gje stort handlingsrom og høg kostnadseffektivitet. Stadig nedskjeringar har ført til at eigedomsetaten har måtte effektivisera ressursbruken. Til dømes er kostnadsnivået for dagens drifts- og reinhaldstenester, lågare enn i privat sektor.

Ein samla eining gjer og betre føreseielegheit og kontinuitet i samband med levering av tenester. Her er det særskild viktig og tenka på å stå fram som ei heilskapleg verksemd, som skal informera og kommunisera til brukara av offentlege tenester, medan ei organisering på «utsida» av kommunal etat, vil gje utfordringar med dette. Det vil vera særleg aktuelt når innbyggjarar og interne brukarar skal nytta tenestene til det offentlege

Å inneha samla fullmaktar og oversyn, er og gunstig når det gjelder kjøp, sal og forvaltning av kommunal eigedom.

Med helsing

Einar Lunde (s)
Leiar
NITO i Fjell